**INNKALLING TIL ÅRSMØTET I OLAV SLETTO-SELSKAPET,<br>FREDAG 6. APRIL 2018 KL. 1800 – inntil 2130<br>VIKA VELFERDSSENTER, HOL**

| | | |
|---|---|---|
| **1.** | **Årsmøtesaker -**<br>saker til årsmøtet må vera meldt til styret **seinast 16. mars 2018.** | **Vedtak/oppfølging/ansvar** |
| 2. | Val av ordstyrar. | |
| 3. | Opptelling av talet på møtedeltakarar med stemmerett og fullmakter. | |
| 4. | Godkjenning av innkalling og saksliste. | |
| 5. | Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen. | |
| 6. | Årsmelding 1.1.-2017 -31.12.2017<br>– blir delt ut i møtet og publisert på nett etter årsmøtet. | |
| 7. | Årsrekneskap 2017 – blir omdelt i møtet. | |
| 8. | Årshefte 2018 - blir omdelt i møtet. | |
| 9. | Innkomne forslag:<br>Det har kome eit forslag frå styret om endring av §§ 6 og 7 – frå to til ein revisor.<br>Grunngjeving: Revisorane, Rangdi Skorge og Borgny Thorsrud, er på val og tek ikkje attval dette året. Styret har fått vita at vi treng berre ein revisor, og legg fram forslag for årsmøtet om å endre relevante §§ i vedtektene etter dette. Sjå s. 2. | |
| 10. | Val – innstilling frå valnemnda | |
| | Samansetninga 2017 har vore:<br>**Funksjon** / **Namn** / **Valperiode**<br>Leiar – Eva Almhjell – 2017 - 2019<br>Nestleiar – Grethe Larsgard Rudningen – 2017 - 2019<br>Styremedlem – Margarethe L'orange – 2016 - 2018<br>Styremedlem – Maria Søndrål – 2016 - 2018<br>Styremedlem – Inger Grostølen – 2017 - 2019<br><br>Varamedlemmer – Turid Birgit Lien – 2017 - 2019<br>Kjell Snerte – 2017 - 2019<br>Per Lilleslett – 2016 - 2018<br><br>Valnemnd: – Brit Kaupang – 2016 – 2018<br>Oddvar Reinton – 2017 – 2019<br><br>Revisorar: – Borgny Thorsrud – 2016 - 2018<br>Rangdi Skorve – 2016 - 2018 | |
| | 9' lydopptak av intervju med Olav Sletto.<br>Del av NRK Folkemusikkhalvtimen 1954. Programleiar: Rolf Myklebust. | |

Etter årsmøtesakene orienterer Eva Almhjell og Bjørn Furuseth om "Prosjekt digitalisering av Sletto-arkivet", og alle som har transkribert brev, taler, andre dokument, fortel kort om sitt arbeid (Eva-Cecilie Skaarberg, Margarethe L'orange, Ingrid og Dag Wollebæk).

**Denne delen av årsmøtet er open for alle og startar ca. kl. 1900.**

Det blir vaflar, kaffe og te for alle.

**VEL MØTT!**

## Styret gjer framlegg om endringar i vedtektene § 6 og § 7.

Noverande formulering:

**§ 6. REVISJON.**

Rekneskapen skal reviderast av to revisorar valde av årsmøtet. Revidert rekneskap skal leggjast fram for årsmøtet.

Ny tekst:

**§ 6. REVISJON.**

Rekneskapen skal reviderast av revisor vald av årsmøtet. Revidert rekneskap skal leggjast fram for årsmøtet.

Noverande formulering:

**§ 7. ÅRSMØTET.**

Årsmøtet skal haldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan og vedtektsendringar. Årsmøtet vel styremedlemmer, leiar og revisorar. Styret konstituerer ellers seg sjølv. Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera styret i hende 3 veker før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.

Ny tekst:

**§ 7. ÅRSMØTET.**

Årsmøtet skal haldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan og vedtektsendringar. Årsmøtet vel styremedlemmer, leiar og revisor. Styret konstituerer ellers seg sjølv. Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera styret i hende 3 veker før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.

Margarethe L'orange (s)
for styret
Olav Sletto-selskapet

Gol. 10. mars 2018.